

Havforskningsinstituttet tener fiskarane sine interesser betre i dag enn for 15-20 år sidan

Motsetnadene mellom fiskar- og forskarsyn i realiteten heller små

I presse og kringkasting vert det ikkje sjeldan gitt uttrykk for at det er stor meiningskilnad mellom fiskarar og havforskarar i synet på kor store fiskebestandane er og korleis dei bør utnytast. Av og til blir dette framstelt slik at lydar og lesar får eit bilete av at havforskarane er på kollisjonskurs med storparten av fiskarane i mest alle bestands- og beskatningsspørsmål.

Dette er sjølsagt ikkje rett. Biletet er, lukkelegvis, meir mangslunge. Graden av usemje varierer frå bestand til bestand og næringsgruppe til næringsgruppe. Det rike trålfisket etter torsk sist vinter førde til meiningskilnad mellom trålnæringa og Havforskningsinstituttet i synet på storleiken av torskebestanden, medan Finnmark Fylkesfiskarlag står oppunder instituttet sitt syn. Dei strenge reguleringstiltaka i makrellfisket har ført til misnøye i ringnotflåten, medan kystfiskarar har hevda at desse tiltaka har vore naudsynte. Torskefiskarar i Nord-Norge er — naturleg nok — redde for at lodda i Barentshavet kan bli beskatta for hardt, slik at næringsgrunnlaget for torsken vert redusert; sume ringnotfiskarar meiner det kan fiskast meir lodde enn det forskarane har tilrådt.

Det har og vore skrive og sagt at toltalkvantommet for Island—Jan Mayenlodka i sesongen 1979/80 var større enn det som fanst i havet etter Havforskningsinstituttet sitt reknestykke. Dette er ikkje rett. Same reknestykke viser at ca. 30 tusen tonn av instituttet sin «gytebestand» overlevde fisket i vinter. Seibestanden i Nordsjøen var — like til sist vinter — vesentleg mindre enn det havforskarane hadde rekna ut, hevda seifiskarar.

Sjølve rosina i pølsa — norsk vårgytande sild — er blitt godt og grundig diskutert sidan 1972/1973 og diskutert framleis. Mange fiskarar meiner der er meir sild enn havforskarane finn ut, medan andre — også Norges Fiskarlag — meiner at styresmaktene må leggja fleire omsyn til grunn for ei regulering enn berre sjølve bestandstilstanden.

Når ein reknar sakene opp slik eg her har gjort, kan det sjå ut som det er mykje usemje ute og går, og folk som er ute etter å setja «saken på spissen» vil finna mange kollisjonar. Likevel, i høve til mangfaldet i — og omfanget av norsk fiskerinæring — er motsetnadene mel-



For ME'A av
nestleder
Odd Nakken
(Fiskeridirektoratets
Havforskningsinstitutt)

lom fiskar- og forskarsyn heller små. Kontakten mellom dei to gruppene er også betre her i landet enn i dei aller fleste land (Island og Færøyaner er unntak). Men siste tiåret har det meir ofte enn tidlegare kome til uttrykk meiningskilnad mellom fiskar og forskar. Kvifor? Det kan vera fleire grunnar til dette, men er trur det har to hovurårsaker:

Innføringa av omfattande reguleringar i mest alle fiske.

Omlegginga av Havforskningsinstituttet si toktverksemd.

Reguleringane

Heilt fram til for kort tid sidan var mest alt fiske fritt. Båtar, leite- og fiskereidskapar var tilpassa dei store sesongfiskeria, og fisken måtte takast medan han var tilgjengeleg. Det var rein meiningsløyse ikkje å fiska når fisken var der. Dette synet vart ungar og ungdom i fiskeridistrikta innprenta frå barnsbein av, og det var sjølsagt ei rett innstilling i den tida. Denne grunninnstillinga saman med ei rivande teknisk utvikling i 50- og 60-åra medførde at mange bestandar vart overfiska og utfiska svært fort.

Fiskarar, styresmakter og forskarar

såg og røynde dette og lærde av det. I 1970-åra kom så reguleringane, og dei kom og svært fort. Altfor fort tykte mange — altfor seint meiner andre. På få år vart ein stor del av fiskarane på ein eller annan måte avgrensa i næringsverksemda si. Medan dei tidlegare vart avgrensa av naturfenomen som vind, straum og fisketilgang og i nokon mun av avtak og prisar, fekk dei i tillegg minstsmål og innblandingprosentar, datoar og «60 gradar», turkvotar og totalkvantum å ta omsyn til. Dette sette store krav til omstillingsevne både hjå fiskarane og — ikkje minst — i det forvaltningsapparatet som skulle utforma reguleringstiltaka og tilpassa dei til mangfaldet i norsk fiske. I dette forvaltningsapparatet er Havforskningsinstituttet første leddet.

Havforskningsinstituttet si oppgåve

Oppgåva vår er å gje råd om korleis fiskebestandane bør utnytast slik at norsk fiskerinæring får eit størst mogeleg varig utbytte. Saman med andre forskningsinstitusjonar (ICES) utarbeider vi årleg slike råd for alle dei viktigaste bestandane for norsk fiske. Grunnen til at vi gjer dette, er at både fiskarar, styresmakter og forskarar etter kvart er blitt klår over at det finst øvre grenser for kor mykje som fiskast. Det er altså Havforskningsinstituttet som framskaffar det biologiske grunnlaget for fiskerireguleringane. Og for å utføra dette arbeidet på best mogeleg måte var det naudsynt med ei omlegging av mykje av verksemda ved instituttet i 70-åra. Spesielt er toktverksemda no heilt annleis enn for 15—20 år sidan.

Toktverksemda ved Havforskningsinstituttet

I 1950-åra var det berre få fiskebåtar som hadde sonar og ekkolodd, og ord som «overfiske» og «feilbeskatning» hadde vesentleg akademiske interesse. Derfor var ei av dei viktigaste oppgåvene til havforskningsfartøya å finna fisk; å kartleggja vandringar og åtferd med sikte på å gje råd om *kvår* og *når* det kunne fiskast. Sett ut frå eit samfunnsynspunkt var dette både rett og nyttig, fiskarane vart sparde for kostbar vente- og leitetid ved at havforskningsfartøya dreiv slikt kartleggingsarbeid. Direkte meldingar til fiskebåtane om gode konsentrasjonar som førde til store fangstar,

Forts. s. 7.

gjorde at «mannen i båten» såg øyeblikkelege og positive resultat av havforskningsfartøya sitt arbeid.

Utover i 1960-åra vart det ei viss omlegging av toktverksemda samstundes som den vart utvida. Mykje av innsatsen vart no retta mot yngelen av dei viktigaste fiskeartane. Materialet som var innsamla vart nytta i hovudsak til to føremål: A gje fiskarar og styresmakter råd om utsiktene for fisket og til å studera utviklinga av dei einskilde aldersgruppene frå eggstadiet og fram til styrken på årsklassen var etablert — som 6—8 mnd. gamal fisk. Samstundes held den direkte leite- og rettleidingstenesta fram.

I tillegg tok Havforskningsinstituttet initiativet til utvikling av «nye» fiske. Sumarloddefisket i Barentshavet, loddefisket ved New Foundland og flytetrålfisket etter kolmule (tidleg i 70-åra) er døme på dette. Dette medførte at sjølv om instituttet no hadde byrja å bruka fartya på ein meir «forskningssystematisk» måte, så var aktiviteten likevel slik at «mannen i båten» såg resultat av Havforskningsinstituttet sitt arbeid i si eiga pengebok.

Fisket måtte under kontroll

Utover i 60- og 70-åra vart det klårt for dei fleste at beskatningspresset hadde

auka og at fisket måtte under kontroll. Ikkje minst var dette klårt for leinga ved Havforskningsinstituttet, og det var deira plikt og ansvar å framskaffa grunnlaget for ein slik kontroll; kunnskapar om bestandsstorleik og bestandssamansetning.

Eg skal ikkje her gå i detaljar om korleis vi skaffar oss slik kunnskap, men berre peika på at forskningsfartøya er viktigaste verktøyet vårt. Med «G. O. Sars», «Johan Hjort», «Michael Sars» og leigde farty dekkjer vi alle dei viktigaste fiskebestandane med sikte på bestandsstorleik og bestandssamansetjing. Det er serleg dei yngste aldersgruppene i bestanden — rekruttane — vi retter tokta mot. Desse aldersgruppene er berre inne i fisket i liten grad på grunn av minstemål og maskeviddereguleringar, men det er denne ungfisken som er grunnlaget for fisket i framtida, og difor må vi ha kunnskapar om han. Di tidlegare vi kan få eit mål for styrken av ein årsklasse, desto fleire gonger kan vi måle han før han kjem inn i fisket og di sikrere er våre anslag både for framtidig bestand og fangstkvotar.

Og det er behovet for sikrere tal for bestandsstorleik og bestandssamansetning som har ført til at toktprogrammet fra Havforskningsinstituttet no er vesentlig annleis enn det var for 15—20 år sidan. Medan fartya tidlegare i stor ut-

strekning påviste fiskelege konsentrasjonar, så blir dei no nytta for å få best mogelege mål for storleiken av — og spesielt rekrutteringa til fiskebestandane.

Det er mest umogeleg å kombinera ei slik bestandsovervakingsoppgåve med ei leite- og rettleidingsoppgåve. Skal ein driva skikkeleg leite- og rettleidingsteneste, må ein fylgja nøye med fiskeåterferda; og stikkord som natt/dag, slør/stim og pelagisk/botnsituasjonar, karakteriserer noko av dette arbeidet. Skikkeleg bestandsovervakning, derimot, krev fyrst og fremst at heile utbreiingsområdet for bestanden vert kartlagt og at ein får representative prøver av forekomstane. I den utstrekning forskningsfartya kjem over fiskelege konsentrasjonar medan dei arbeider med overvakning, så blir dette meldt frå om.

Ei hovudsak — og konsekvensane

Eg har lagt så stor vekt på å fortelja om omlegginga av toktarbeidet avdi eg trur at dette er ei av hovudårsakene til usemja mellom fiskar og forskar — både den påståtte og den faktiske. Tidlegare var forskningsfarty og fiskefarty mykje i same området, dei såg og fanga same fisken og hadde dagleg og nær kontakt i arbeidssituasjonen på feltet.

Slik er det ikkje lenger. Kravet til områdedekning har medført at forskningsfartya i store deler av tida arbeider langt borte frå vanlege fiskefelt, dessutan har det lita meining å dagleg rapportera til fiskebåtar fangstar og registreringar av egg, yngel, 0—gruppe og ungfisk som ikkje vil kunna fiskast før om 2—5 år. Konsekvensane av dette er:

1. Fiskarane ser ikkje forskningsfartya på feltet i same utstrekning som før.
2. Mange fiskarar tykkjer at arbeidssoppgåvene våre er vortne for «akademiske».

Tenar fiskarane sine interesser bedre

Ved Havforskningsinstituttet har vi sett denne utviklinga. Vi har sett at instituttet gradvis har utvikla seg i ei lei som av mannen i fiskebåten kan verta oppfatta som feil kurs. Før gjorde vi direkte tenester for fiskebåtane, no gjer vi tenester for samfunnet (eller direktorat og departement). Vi meiner likevel at denne utviklinga var både rett og naudsynt, og at vi no tenar fiskarane sine interesser like godt — ja, betre enn vi gjorde tidlegare. Siktemålet — eit størst mogeleg varig utbyte av fiskebestandane — har ikkje endra seg, men arbeidsmåtene våre er blitt tilpassa slik at næringa skal nå dette siktemålet.

